



Frå lanseringskonserten på Hauge-senteret. Roger Gjestemoen, Stig og søstera Nina Børnheim.

Eg har tidlegare omtala den gode CDen Stig Børnheim har gjeve ut der han har sett musikk til nokre av Olav H. Hauge sine dikt. Det er utvilsamt den musikken eg har lytta mest til dei siste månadene. Derfor var det ekstra kjekt då uskedalen.no fekk inn denne begeistra meldinga frå Møyfrid Kristoffersen i dag:

Hallo Uskedalsida!

Eg må få lov til å seia for ei utruleg flott og positiv oppleving det gjev, å høyra på Stig Børnheim sin CD med tekstar av Olav H Hauge.

I helga var Anders og eg til Ulvik. På søskenbarntreff for svigermor Sofie og søskna hennar sine barn. Vi var 37 påmelde, og hadde ei flott helg på Hardanger Gjestehus. Der var det to unge brør - tvillingar, frå Romania som 'styrte ståket'. Dei vaska, laga maten og ordna med det meste. Dei var fantastiske, både livfulle og kjekke. 'I put my heart in this', sa den eine guten - og det merka vi tydeleg.

På laurdagen var vi på omvisning på Olav H. Hauge-senteret. Og der var det eg kjøpte CD-en som Stig Børnheim har laga. Denne spelte vi når vi kom heim på søndags ettermiddag, og sidan har eg spelt den om og om igjen. Fantastisk!

På søndagen gjekk Anders og eg, ei av Anders sine søstre og kona til eit søskenbarn - som også heiter Anders, ein tur opp gjennom lia. Tilfeldigvis så kom vi til både gravplassen der Olav H.Hauge er gravlagd (Paradis) og vidare opp over same vegen så kom vi jammen til garden han er frå også - Rossvoll.

Det eg ville med dette innlegget, var å fortelje dåke Uskedelingar, for ein flott musikk Uskedelingen Stig Børnheim har laga. Dikta er Olav H.Hauge sine, måten desse er laga musikk rundt er stemningsfull og Stig Børnheim har ei nydeleg songstemme. Så denne CD-en anbefalar eg sterkt at de lyer på !

Vennlege helsingar frå Møyfrid

[Spar Uskedalen har framleis Nokre Fæ Songar i salg.](#)

Gode ord frå Møyfrid Kristoffersen. Eg veit mange uskedelingar alt har sikra seg denne CDen. Den er i salg på SPAR. Eg veit dei har vore utseld i alle fall ein gong, men har fått inn ny ladning. Denne kan vi lytta til medan vi gler oss til 30.september. Då kjem nemleg Stig Børsheim til Oska og vil syngja og lesa Olav H. Hauge-dikt for oss.

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Wang og Thor Inge Døssland